

Høyringsuttale



Norsk Studentunion
-stiftet 1936 -

Thorvald Meyers gate 7, 0555Oslo
Tlf: 22044950. Fax: 22044969
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

Endringer i lov om universitet og høgskular

Høyringsuttale frå Norsk Studentunion

Norsk Studentunion (NSU) vil takke for førespurnaden om å gje ei høyringsuttale. Me er positive til at ein har ein revisjon av dagens regelverk for at det til ei kvar tid skal spegle røynda. Dette er viktig for å gje lover legitimitet. NSU er særleg positiv til at ein tek utfordringar til studentar med barn, på alvor.

NSU har fyrst ein generell kommentar til departementet sitt høve til å gje føreskrifter i medhald av lov. Vidare vil me kommentere der me har særskilte merknader å koma med.

NSU ser det som uheldig dersom alt for mange sentrale rettar og plikter er gjevne i føreskrifter. Me legg til grunn at føreskrifter skal vera ei hjelp til forståing av korleis ein skal tolke lova, og virke oppklarande i gråsoner. Dette er særleg viktig når ein har mindretalsregjeringar. Dersom departementet vel å nytte seg av høve til å gje eller endre forskrifter, er det viktig å sende dette ut på høyring, og at ein tek med seg innspela.

§ 3-5 femte ledd.

NSU ser at det kan vera kostbart for institusjonar å kontrollere dokumentasjon på utdanning, men me er likevel skeptiske til at institusjonar skal kunne ta seg betala. Dette kan vera eit hinder for mobilitet og internasjonalisering, særleg for personar frå sør som har eit heilt anna kostnadsnivå enn vestlege land. Ei slik ordning vil dessutan vera i strid med gratisprinsippet.

§ 3-7 sjette ledd.

NSU ser det som positivt at ein får betre koordinering og samarbeid om arbeidet med å avsløre falske dokument og vitnemål. Det vil vera viktig at institusjonane og NOKUT har eit godt samarbeid for lettast mogeleg å avsløre personar som nyttar seg av falske dokument. Det er og nærliggande å tru at ein person som brukar falske dokument vil søkje ved fleire norske institusjonar.

§ 4-5 fyrste ledd.

NSU er svært glad for at regjeringa ynskjer å styrke rettane til studentar med barn. Det er svært gledeleg at studentar får tydleggjort rettane sine. NSU meiner det bør koma tydlegare fram at menn og har rett til fødselspremisjon i samband med fødsel, når dei er studentar.

§ 4-8 fyrste og andre ledd.

NSU meiner at det må koma tydlegare fram at når det gjeld å ta studieretten frå nokon ved ein annan institusjon enn vertsinstitusjonen, skal det vera tungtvegande grunnar. Forseelsen må og vera av ein slik karakter, at han ville vera til skade ved andre institusjonar. Det er viktig at det ikkje går automatikk i desse vurderingane, men at kvart enkelt tilfelle vert vurdert separat. Dette gjeld spesielt i samband med fyrste ledd.

§ 5-3 fyrste ledd.

NSU meiner departementets forslag til endring her er særdeles uheldig. Dette forslaget bryt med god forvaltningsskikk på to sentrale områder: rimeleg tid på fristar, og at den som fattar vedtaket har ansvar for å informere han/ho som vedtaket omhandlar. NSU ser argumentet til institusjonane, men vil hevde at problemet ofte ikkje er at studentane tøyser fristen for å få opplyst grunngevinga for karaktersettinga, og med det fristen for å klage på karakteren. Her har institusjonane og eit ansvar med ofte forseinka sensur, og lang behandlingstid på påklaga sensur. Dette fører til at det tek lengre tid enn nødvendig.

Dersom ein legg til grunn følgjande:

- Normal sensurfrist: 15 virkedagar

- Maksimal frist for å få opplysningar om grunngevinga for vurdering: 3 veker
- Klagefrist :3 veker
- Behandling av påklaga sensur:15 virkedagar

Som ein ser gjev dette ei normal maksimal behandlingstid ved klage på sensur på om lag 3 månadar, dersom det også er nokre heilagdaggar i løpet av perioden. Som nemnt tidlegare er det, etter vår meining, ikkje studentane sin feil dersom denne prosessen tek lengre tid enn nødvendig, då det ikkje er uvanleg at institusjonen brukar lengre tid på både fyrste og andre gongs sensur.

Når det gjeld tidspunktet som fristen tek utgangspunkt i, meiner NSU at dette må vera når studenten er klar over resultatet av sensuren. Som departementet skriv er det i dag nye løysingar som vert bruka for å melde ifrå til studentane om dette. Ein nyttar web-løysingar der studenten loggar inn for å finne ut av karakterar og halde oversikt over studieprogresjon. Det gjer at ein med rimeleg sikkerheit kan finne ut når studenten vart kjend med resultatet. Dette vil vera fyste gong ein loggar inn etter at karakteren har vorte offentleg. Dei fleste web-løysingar som vert nytta i dag registrerar aktiviteten til studentane på sidene.

I tillegg verkar det som at KD legg til grunn i si vurdering at tekniske løysingar blir nytta fullt ut, og at gjeldande lovtekst gjev unødvendig mykje rom i forhold til kva som er nødvendig. Korleis studentane sin lovgjevne rett til grunngeving blir løyst reint administrativt, varierer frå institusjon til institusjon. Ei rekkje institusjonar velgjer å stille strenge krav til studentane om kva form dei skal levere krav om grunngeving, Om det skal vera i form av e-post, brev eller på ”dertil egnet skjema”. Nokre institusjonar krev også at dette kravet skal leverast personleg.

NSU meiner såleis at § 5-3 fyrste ledd, siste setning skal lyde såleis:

”Ved annen bedømmelse må krav om begrunnelse fremsettes innen *tre* uke fra karakteren *ble offentliggjort.*”

§ 6-5 fyrste ledd

NSU meiner det er betre å bruke vitskapeleg stilling enn undervisnings- og forskarstilling. Dette av di me meiner alle vitskapeleg tilsette innan høgare utdanning skal både forske og undervise. Det vert såleis, etter vårt syn, kunstig å dele det i to kategoriar. Ein bør i staden endre alle stader i denne lova der det står *undervisnings- og forskerstillinger* til *vitenskaplige stillinger*.